

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 10
Oktober 2014
Årgang 5

Ny kongepokal til langeleiken! Gratulerer, Ole!



Vinnarar av eldste og yngste klasse, Ole Aastad Bråten og Ingebjørg Hegge Bratrud

Stor langeleikutstilling på Valdres Folkemuseum.

Meir kongeleg stoff inni bladet!

Leiaren har ordet:



Gode langeleikvener!

Hausten er her og naturen syner seg ifrå si beste side med varme og sol og rikdom av all slags bær og sopp og flotte farger!

Mange farger er det og i langeleikspel, det var landskappleiken i år eit godt døme på med ulike stemmingar, skalaformer og uttrykk i spelet.

Og mykje heider og ære har vorte tildelt utøvarar på langeleik i år!

Ole Aastad Bråten fekk Kongepokalen på Landskappleiken i konkurransen med seljefløyte, sister, munnharpe, slåttetromme, harpe og sag! Vi gratulerer så mykje og ynskjer lykke til med Meisterkonserten i Operaen i november.

Oddrun og Gunvor Hegge fekk Haldor Røynes Ærespris under Jørn Hilmestemnet i år, ein velfortent heider til to flotte tradisjonsbærarar, utøvarar og kurshaldarar. Dei har baa to lagt ned mange år med arbeid for langeleiken og folkemusikken, i det stille, men med stor tyngde og autoritet!

Og at interessa for musikken og instrumenta er aukande, har vi merka på spørsmål om instrument til salgs og om kursverksemd. Det er difor gledeleg at Valdresmuseet no har sett i gang produksjon av fleire langeleikar. Og at Gjøvik spelmannslag si byggegruppe held fram med sjølbyggekurs.

Storhelga «Klangen før fela» på Riksscena var ein stor suksess og hadde fullteikna kurs med over 20 deltakarar på langeleik. Dette syner at det er behov for fleire kurs, men slike store arrangement krev mykje ressursar slik at det er bestemt å ha det annankvart år.

Rundt om i landet elles har det vore kurs og spelehelg og fleire er planlagt og blir annonserte på heimesider og facebook.

Og ikkje minst er det verdt å få med seg den store instrumnetutstillinga på Valdresmusea i november!

Det er gledeleg å sjå og høyre at det er god aktivitet og merksemd rundt spelet og langeleiken.

Helsing styret v/Marit

Langeleiken i Skien



Kven veit meir om denne?

På ferietur sommar stoppa vi i Skien og kva dukka opp like ved parkeringsplassen? Jau ei flott statue av ei langeleikspelande dame utanfor kyrkja i sentrum med inskripsjonen «Tonen». Har nokon fleire opplysningar om denne statuen?

MS

Instrumentutstilling

Til hausten opnar ei unik instrumentutstilling ved Valdres Folkemuseum. I sentrum for utstillinga står ein 200 år gamal langeleik utlånt frå Det kongelige slott.

Tekst: Ole Aastad Bråten

Folkemusikk og folkemusikkinstrument er viktige satsingsområde for Valdresmusea. I fleire år har ein både her og ved andre institusjonar arbeidd med dokumentasjon og kartlegging av det eldste langeleikmaterialet i Noreg. Ny kunnskap om langeleiken si historie i Noreg legg no grunnlaget for ei ny utstilling om instrumentet. Førre gongen det vart laga ei slik utstilling var ved Ringve Museum i 1987.

Målet med utstillinga er å presentere det rike og mangfaldige langeleikmaterialet. Og for den som meiner å vite korleis ein langeleik ser ut, han bør førebu seg på eit overraskande møte med det gamle strengeinstrumentet. Her er velkjente dekorelement som akantusranker og profilliner, men også fiskar, revar, dansarar og kyrkjespjir. Formane har òg endra seg gjennom tidene.

Kronprins Olav sin langeleik

Til hausten opnar ei unik instrumentutstilling ved Valdres Folkemuseum.



for de danske gjester.»

Utdrag av artikkel publisert i avisa Valdres 07.03.2014

Kongeleg langeleik

Ein kuriositet i utstillinga er ein langeleik tilhøyrande Det kongelege slott. Opphavleg var det spelemannen Johannes Halden (1844–1936) frå Åbjør som åtte denne. Vinteren 1907/1908 gav han leiken til fire år gamle kronprins Olav.

Johannes Halden

Johannes Halden er særleg kjend for sine kongelege spelferder. I avisa Valdres 2. mai 1907 stod det at «Johannes Halden fra N. Aurdal spilte forleden paa langeleik for kongen, som likte hans spil godt og bad ham komme igjen og spille

I ein artikkel i avisa Valdres 18. november 1908 fortel Halden at han «i fjor vinter var [?] oppe på Voksenkollen og lærte kronprins Olav at spille Gubba Noa. Han fikk en eldgammel langeleik av mig, men han var ikke sterk nok i fingrane, saa jeg måtte trykke lidt på dem, mens han spilte. Der var fint. Jeg blev der helt til kongen sa Olav skulde si adjø til mig».

Fekk låne leiken

Hausten 2013 inngjekk Valdresmusea avtale med Det kongelege hoff om lån av langeleiken etter Johannes Halden. Langeleiken er hola ut av eitt trestykke og er utan botn. Instrumentet har fåe dekorelement, med unnatak av eit vakkert lydhol og fine utskorne akantusranker i stillarhusa. Dessutan har leiken fått namn etter eigaren. «Kronprins Olav» er måla inn med raude og svarte gotiske bokstavar på eine langsida.

Kjelde: Valdres Folkemuseum

Foto: Karl Anderson, Det kongelige hoff

Meir kongeleg stoff:

Eit kongeleg instrument

Spelemenn har sidan 1800-talet spelt ei viktig rolle i forteljinga om Noreg. Ikkje med egne ord, men som representantar for ein norsk kulturtradisjon.

Tekst: Ole Aastad Bråten.

OSLO: Ein bidragsytar i så måte var langeleikspelaren Johannes Halden (1844–1936) frå Åbjør i Valdres. Johannes var barnebarn av Ragnhild Olsdotter Viken (1783–1861), ei viktig kjelde for Ludvig Mathias Lindeman.

Johannes Halden er særleg kjent for spelferdene sine, både til Kristiania og Sverige. I ei årbok for Valdres heiter det om Johannes: «Han ha fare mykji ikringo her i lande o ratt inni Sveri o spelt, o de ha gange o baade illt o gøtt. No ha'n gjeve kronprinse den gamle leiken sin, o daa e de vel snaut nok, um'n kjem te spela so gøtt meir, so'n ha gjort før.»

Dronning Sofie (1836–1913) og sonen prins Eugen (1865–1947), som var på målarferd i Valdres sommaren 1889, fekk òg høyre Halden spela. For dette skal han ha fått ti kroner frå dronninga og fem kroner frå prinsen. Men det er kanskje speloppdraget for kong Haakon og dronning Maud som skin høgast av Haldens kongelege speloppdrag. I avisa Valdres 2. mai 1907 stod følgjande notis: «Johannes Halden fra N. Aurdal spilte forleden paa langeleik for kongen, som likte hans spil godt og bad ham komme igjen og spille for de danske gjester.»

Dei danske gjestene må ha vore kong Haakon sine besteforeldre, kong Fredrik 8. og dronning Lovisa. Dei er i alle fall omtala i same avis i artikkelen «Det danske kongebesøk».

Kong Haakon skal ha vore svært begeistra for spelet til Johannes Halden. I ein artikkel i avisa Valdres 18. november 1908 uttalar Halden at han over jul skal reise til Danmark og gi konsert i København. Han fortel vidare at han har spelt for den danske og svenske kongen, og «i fjor vinter var jeg oppe på Voksenkollen og lærte kronprins Olav at spille Gubba Noa. Han fikk en eldgammel langeleik av mig, men han var ikke sterk nok i fingrene, saa jeg måtte trykke lidt på dem, mens han spilte. Der var fint. Jeg blev der helt til kongen sa Olav skulde si adjø til mig».

Johannes Halden er i folketeljinga i 1900 oppført som «jordbrugsarbeider, langeleikspil og gaardbruger».

Langeleiken vekte på ny interesse i samband med ein biletreportasje i Se og Hør påska 2005. På veggen i Prinsehytta i Sikkilsdalen kunne ein sjå ein langeleik av ein eldre Sør-Valdres-type. Dette kunne ikkje vera anna enn langeleiken etter Johannes Halden. Når leiken kom hit, er uklart, men mest truleg skjedde det då hytta vart

innreidd på ny etter at kronprins Olav fekk hytta i gåve av den svenske kronprinsen, Gustaf Adolf, i 1924. Etter fleire års korrespondanse med Det kongelige hoff inngjekk Valdresmusea hausten 2013 avtale om å låne langeleiken etter Johannes i samband med ei instrumentutstilling ved Valdres Folkemuseum i 2014.



Langeleiken er hola ut av eitt trestykke utan botn. Som type høyrer han heime i Sør-Valdres og Vest-Oppland. Langeleiken har jamstore stillarhus i begge endar, og med feste for seks strengar. Langeleiken har få dekorelement. Her er korkje profilliner, symbolske motiv eller figurar, med unnatak av eit vakkert lydhol og vakre rissa og/eller utskorne akantusranker i stillarhusa. Stillarhusa har dessutan avfasingar på undersidene, vanleg i dekorkunst frå 1700-talet.

Langeleiken har den gamle langeleikskalaen og ber preg av stor brukslitasje. Lengda er 100 cm, og breidda er 8 cm øvst og 10 cm nedst, noko som gjev ei flott trapesform til instrumentet. Mensuren er på om lag 70 cm. Leiken er i det store og heile lik dei andre leikane som er bevarte etter Johannes Halden. Instrumentet har namnet «Kronprins Olav» måla inn med raude og svarte gotiske bokstavar i eine sida.

Kjelde:

- Høllen, Guri Reidun. 2010. Røtter II. Røyse.
- Kværne, Elisabeth. 1985/1994. På langeleik. Aurdal: Heilo.
- Tidsskrift for Valdres Historielag 1923. Valdres: Valdres Historielag.
- Se og Hør 2005, påskenummeret.
- Avisa Valdres. Tre artiklar: 2. mai 1907, 19. november 1908 og 14. juni 1975. Fagernes.
- Foto: Jan Haug, Det kongelige hoff

UTSTILLINGA

der ein kan få sjå dette instrumentet og mange fleire, er på Valdres Folkemuseum og opnar 14. november 2014.

Langeleikkveld i Åbjør, 26. sept.



Glimt frå den rikhaldige og varierte utstillinga av instrument i Åbjør. Foto: Elisabeth Kværne

med rik historie knytt til instrumentet. Og det var fullt hus! Halden-etterkomarar og slektningar ved kvart eit bord. Og Elisabet lyfta fram perspektivet av ein føregangsmann som instrumentmakar, musikal og betydningsfull ambassadør som var godt for etterkomarane å få kjenne på. Kjærleiken til instrumentet er i ubroten tradisjon, og jammen rekrutterte konserten ei ny lita Halden-jente som elev i kulturskulen. Lenge leve langeleiken i Åbjør. OH

Arkivar ved Valdresmusea Elisabeth Kværne som òg i kraft av å vera leiar i Aurdal Historielag samt lærar i kulturskulen spleisa sine tre roller og sytte for å laga ein heidundrande flott samarbeids-konsert på grendehuset i Åbjør, til minne om Johannes Halden (1844-1936). 13 utstilte langeleikar der fleirtalet er laga i bygda, tala visuelt om ei bygd



Langeleiken til Olav, son til Johannes, og etterkomanrane hans, pluss Solveig Rognås. Foto: Elisabeth Kværne



Ulrikke Solberg spelar bruremarsj etter Ola Johannenson Viken saman med Elisabeth Kværne

Langeleik etter lyrikaren Olav H. Hauge

Ein kopi av denne langeleiken er produsert av instrumentmakar Knut Opheimsbakken på oppdrag av Hardanger Folkemuseum, sumaren 2008. Under følgjer diktet "Langeleiken", henta frå debutboka til Hauge, "Glør i oska" (1946). Hauge skreiv diktet då han var kring 20 år gammal, etter at han hadde gjeve bort langeleiken sin til ein eldre harding som trygla om å få han. "Sidan har det ikkje vore song i dikta mine," skreiv Hauge.



Langeleiken

Olav H. Hauge

Han låg og slang der på kattaloftet
imillom skramlet i ei krå.
Eldande gamal, og svart og sprokken,
ein skruve vanta, kvar streng var tå.
Underleg, lell, det var å halda
det gamle spelet i si hond
og sjå på kassen og krokne halsen
med vene linor og krøta rond.

--

Ljose vårnotti guten smaug seg
med denne leiken bak Dokkehaug
og spela der inn i bekkesusen
si kunstnarlengsle for nykk og draug ...
I sundagsstilla, på bualoftet,
tok gjenta leiken or tina fram
og sat og spela på kisteloket
si løynde kvide og dulde skam ...
Han venta, Eiliv, på flyttedagen
til kyrkjegarden på Hakestad
og freista skjelhendt ein salmetone
til sjelefrelse på spelet ta ...

--

Han heng her endå, den gamle leiken,
men hadde han kunna sunge, du,
dei gamle tonar av blod og tårar,
av lengt og saknad og audmjuk tru.
Svart og eldgamal, grå og utgløynd,
heng han på veggen blant framand stas,
- ein attergangar frå myrke tider
fyrr hardingstova fekk glugg og glas ...

Nordisk Harpetreff



23.-26. oktober på Gjøvik

Den årlige møteplassen for

- harpe
- langeleik
- lyre
- kantele
- strykelyre
- ..og alt som ligner

Workshops, allspell, låtutveksling, utstillinger, konserter, foredrag! Kontakt: stein.villa@mjosmuseet.no tlf.93495806

Kurs for nybyrjarar og vidarekomne i langeleik. For andre opplysningar sjå

www.gjovikspelmannslag.no , og www.nordic-harp-meeting.se



Langeleiken som utsmykking

Lisbeth David-Andersen har sendt oss dette bildet frå NRK. Det er kunstnaren Arvid Gustavson som har teikna, og glasmeiter Ståle Kyllingstad på Hadeland Glassverk som har laga det. Utsmykkinga er i eit møterom på NRK!

PLATEMELDINGAR

Kammersmusikk med Marit Steinsrud og Stein Villa



Dette er ei plate med både tyngde og harmoni. Marit og Stein inviterar oss generøst inn til sitt skattkammers og opnar luker der perlene dansar. Musikk frå egne røter, nyplanta røter, og egne vakre verk trillar fram i flott harmoni. Tonar, instrument- og stemmebruk gjer at det blir så attkjennande hjå desse to, så kreativt og solid. I undertonen blir me rørte av at det ikkje berre er instrumentale strenger desse to spelar på seg imellom.

Sidan dette er lesarar av Snerten vil eg rose platesmedane for måten langeleiken blir nytta på. Ein slepp å føle at noko er gjort på langeleiken sine premisser. Her er langeleiken jamnstilt og kvaliteten ved instrumentet framheva. Gratulerer med eit herleg produkt! Takk for at de deler dette med oss. Med slike gåveidear kan det bli mange bryllaups og jubileumsinvitasjonar..

Oddrun Hegge

Vi tek også med meldinga i Oppland Arbeiderblad 02.10.14

To av våre mest kjente formidlere av tradisjonsmusikk fra distriktet, har endelig fått tid til å samle sammen et knippe stykker og foreviget dem på plate.

Harpe og langeleik er instrumentene som danner rammen for formidlingen, men takket være bruken av andre strengeinstrumenter, som liflig gitar på åpningssporet Hamborger etter Hallvard Rudsengen, mandoliner og andre instrumenter, låter det hele både friskt og faktisk en smule moderne uten at det går på bekostning av autentisiteten. Et godt og rikholdig teksthefte med fine bilder følger naturligvis også med.

Frode Hermanrud

Kappleiksresultat sidan sist



LANDS  Geilo
KAPPLEIKEN 25. - 29. juni
2014

Langeleik Junior

- 1 Ingebjørg Hegge Bratrud Vårflaumen Spel- og dansarlag 95
- 2 Ida Kristine Opheimsbakken Vårflaumen Spel- og dansarlag 94
- 3 Andrea Søgne Gol spel- og dansarlag 93
- 3 Borghild Dalbø Øystre Slidre Spel- og dansarlag 93

Langeleik senior

- 1 Ola Aastad Bråten Vårflaumen spel- og dansarlag
- 2 Knut Aastad Bråten Vårflaumen spel- og dansarlag 125
- 3 Ingvild Lie Øystre Slidre Spel- og dansarlag 122
- 4 Marit Steinsrud Gjøvik Spelemannslag 115
- 5 Lise Lunde Brennhagen Vårflaumen Spel- og dansarlag 113
- 6 Turid Berge Endrerud Gjøvik spelemannslag

Grupper spel junior

Anniken T. Lied, Maria Steinseth, Bergljot Hedda Lunde, Etnedal

Lagspel

- 24 Hallingleiken
- 27 Gjøvik spelemannslag



JØRN HILME STEMNET 2014

Langeleik, senior

- 1 Ingvild Lie Øystre Slidre spel- og dansarlag 130
- 2 Lise Lunde Brennhagen Vårflaumen spel- og dansarlag 120
- 3 Turid Berge Endrerud 116
- 4 Ragnhild Karsrud 102

Langeleik, junior

Borghild Dalbø Øystre Slidre spel og dansarlag

Styret i Norsk Langeleikforum 2012

Leiar:

Marit Steinsrud
Odnnesvegen 561
2822 BYBRUA
Tlf 41 20 29 84

Kasserar:

Turid Berge Endrerud
Granstien 40
2817 GJØVIK
Tlf 934 52 808

Sekretær:

Gunvor Hegge
Bygdinvegen 2722
2950 SKAMMESTEIN
Tlf 907 40 702

Styremedlem

Sigurd Braathen
Oskars gate 64 E,
1706 Sarpsborg
Tlf 951 72 708

Styremedlem

Kari Steinsrud
Markagoto 21
2943 ROGNE
Tlf 995 51 594

www.langeleikforum.no

langeleikforum@gmail.com